



## Odal Rotaryklubb

### **Referat frå medlemsmøte på Kongsvinger fengsel avd. Vardåsen 14. oktober 2019**

**Til stades:** Vidar Braaten, Alf Eskevik, Odd Frantzen, Sverre Holm, Harald Hove, Marianne Johanstuen, Peder Karlsaunet, Pål Sindre, Turid Åsum.

- Presidenten ønske velkomen til Kongsvinger fengsel. Det var ingen fødselsdagar å minnast denne dagen.
- Operativ vaktleiar Turid Harbosen møtte oss ved porten inn til parkeringsplassen, og etter alle var komne, førde ho oss inn på fengselsområdet. Vi gjekk først til eit auditorium, der ho og avdelingsleiar Kim McKinlay orienterte, og dei viste ein presentasjon som ga eit oversyn over både fengselet og verksemda. Det sit for det meste utlendingar på fengselet, menn på Vardåsen og kvinner på det gamle fengselet. Fengselet er delt inn i to sonar, ein for låg tryggleik og ein annan for høg tryggleik. Rundt sistnemnde er det ein 7-8 meter høg mur.
- Etter presentasjonen gjekk vi rundt litt ute, og vi var m.a. innom biblioteket, kapellet og arbeidsverkstaden, der fangane snekrar, lagar treleikar og reparerer gamle sykklar. Mykje av dette er til sals i Promenaden, det ligg bak Biltema.
- Det blei ei fin omvising, og vi heldt på nesten til kl. 21. Turid Harbosen har lovt å sende presentasjonen til meg, slik at eg kan sende han ut til alle medlemene. Så får de litt fleire opplysingar enn det som står i referatet.

Vel utanfor gjerdet takka presidenten Turid Harbosen og Kim McKinlay for den fine og instruktive omvisinga, og dei fekk kva si vinflaske som takk.

*Referat ved Pål Sindre.*